



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernombord

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2025/3310 - 432.2

Dato 25.08.2025

Protokoll 14.08.25

Sakene: 10/25 - 14/25
Møtestad: Longyearbyen, Svalbard
Dato: 14.08.25

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Ragnhild Sølberg
Baiba Sheine

Følgjande varamedlemmer deltok:

Gjermund Ingolfsland

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Følgjande fra administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 10/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

Sak 11/25 Søknad om løyve til bruk av snøskuter til leigekøring og transportkøring utanfor godkjente trasear i Seljord kommune – Gaukjelo utmarksdrag v/ Olav Moen

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Olav Moen med reservesjåførar løyve til motorferdsle med snøskuter for leigekøring og transportkøring etter trasear teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 05.08.25.

Løyvet gjeld for:

-Avstikkar mellom godkjent trase til hytte ved Fyljom og Morgestaulstauen

-Avstikkar mellom Løkjestaul og Småtjønn

Løyvet gjeld og for reservesjåførar Tone Moen, Sveinung Moen og Torgeir Moen.

Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for leige- og transportkøring utanfor godkjente trasear (jf. forvaltingsplan).
- Løyvet gjeld fram til 25.04.27. Verneområdestyret kan ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.
- Ekstra sjåførar er å rekne som erstatningssjåfør. Det vil seie berre ein sjåfør per tur som hovudregel.
- Søkjaren skal bruke slede ved leigekøring og oppdraget skal kunne dokumenterast.
- Det er ikkje høve til persontransport åleine.
- Der det finnast etablert trasé for snøskuter, skal denne følgjast.
- Søkjaren skal kunne dokumentere at han/ho er ute på oppdrag ved kontroll. Det skal først køyre bok med penn (sjå neste side). Dato og føremål skal skrivast inn før turen tek til. Køyreboka må takast med under transporten og vises fram ved kontroll.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Elles gjeld vilkår gjeve i løyve etter motorferdselslova.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjær er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdselslova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt til Olav Moen.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Olav Moen med reservesjåførar løyve til motorferdsle med snøskuter for leigekøring og transportkøring etter trasear teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 05.08.25.

Løyvet gjeld for:



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombordet**

-Avstikkar mellom godkjent trase til hytte ved Fyljom og Morgestaulstulen
-Avstikkar mellom Løkjestaul og Småtjønn
Løyvet gjeld og for reservesjåførar Tone Moen, Sveinung Moen og Torgeir Moen.
Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for leige- og transportkjøring utanfor godkjente trasear (jf. forvaltingsplan).
- Løyvet gjeld fram til 25.04.27. Verneområdestyret kan ikkje gje løyve som varer utover styreperioden.
- Ekstra sjåførar er å rekne som erstatningssjåfør. Det vil seie berre ein sjåfør per tur som hovudregel.
- Søkjaren skal bruke slede ved leigekjøring og oppdraget skal kunne dokumenterast.
- Det er ikkje høve til persontransport åleine.
- Der det finnast etablert trasé for snøskuter, skal denne følgjast.
- Søkjaren skal kunne dokumentere at han/ho er ute på oppdrag ved kontroll. Det skal førast køyrebok med penn (sjå neste side). Dato og føremål skal skrivast inn før turen tek til. Køyreboka må takast med under transporten og vises fram ved kontroll.
- Observerast villrein, skal kjøring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Elles gjeld vilkår gjeve i løyve etter motorferdselslova.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet og tilhøyrande forvaltningsplan. Søkjær er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve og løyve etter motorferdslelova.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt til Olav Moen.

Sak 12/25 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Delegert vedtak (ref. 2025/8791):

Verneområdestyret gjev Auden-Christian Solbraa Bay løyve til å køyre gravemaskin etter beskriven og innteikna trase i samband med vedlikehaldsarbeid på hytter ved Rjukanvegen 1577 og 1579 ved Veisfjordvatn i Seljord kommune. Det vert og gjeve løyve til å grave allereie etablert grøft ovanfor hytta noko djupare for betre drenering, som beskriven i søknad dagsett 24.06.25.
Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldslova § 48.

Det vert sett følgjande vilkår:

- *Løyvet gjeld fram til 31.12.25.*
- *Transport av gravemaskin skal fylge trase beskriven i søknad og innteikna på kart i saka. Det skal nyttast gummibelte på gravemaskin, og det skal gjerast på sommaren, då det ofte er tørt i terrenget og vatnet er så lågt som mogleg. Motorferdsle i verneområdet skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmande markskadar, hjulspor og liknande.*
- *Grøftinga skal skje utan varige synlege terrenginngrep. Det er viktig at gravd areal vert pussa og naturtilstand så langt som mogleg vert tilbakeført.*



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst 3 gode fotografi, som viser utført tiltak frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er ferdig.
Løyvet gjeld berre i høve til naturmangfaldslova og bestemmingar i verneforskrifta og forvaltingsplan. Handsaming etter anna lovverk vil skje i Seljord kommune.
Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombord. Vedtaket vert sendt til Auden-Christian Solbraa Bay.
Vedtaket leggast fram for verneområdestyret som referatsak.

Tiltakshavar har pr. e-post og telefon informert verneområdeforvaltar om at transport og arbeid ikkje blir utført inneverande år, og ynskjer at tillating vidareførast med same vilkår og tidsrom for neste år.

Verneområdestyret drøfta saka i møtet, og vart einige om at tillating m/vilkår kan vidareførast for same tidsrom i 2026. Verneområdeforvaltar må informerast om aktiviteten i forkant.

Sak 13/25 Eventuelt

Verneområdeforvaltar orienterte om komande saker som kjem for handsaming i haust. Det vart og orientert om status på oppsetjing av informasjonstavler, og vidare planar for hausten. Det har blitt utplassert informasjonstavler på 3 stader i løpet av sommaren (Bjordalen kraftverk, Heiåi/Småtjønn og ved Windsjådammen. Ein håpar å få satt opp tavler på 3 nye stader i løpet av hausten.

Sak 14/25 Neste møte

Teams-møte etter behov. Vidare vert det teke sikte på eit fysisk møte på Nutheim i november/desember. Dato avklarast nærmare.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver